

# LEIGE KONTRAKT

## Ubygd areal

**Utleigar:** Hordaland fylkeskommune, org. nr. 938 626 367  
Postboks 7900  
5020 Bergen

**Leigetakar:** Anleggsgartner Svein Boasson AS, org.nr. 938 309 183  
Kokstadvegen 31 C  
5257 Kokstad

Følgjande avtale er inngått mellom partane

### 1. Leigeobjekt

Avtalen gjeld 4 da av arealet Magnusbakken på Stend vidaregåande skule, gnr. 97 bnr. 1 i Fana (Stend vid. skule). Arealet skal nyttast til lagerplass for stein, betongvarer og andre hjelpemiddel knytta til anleggsgartnerverksemd. Området har vore nytta til samme formål av samme leigetakar dei siste 5 åra. Det er merka med gul farge på vedlagte kart.

### 2. Vilkår

Det er leigetakar sitt ansvar å hente inn evt. nødvendige løyve frå styresmaktene til den aktuelle bruken av arealet, jf. pkt 1.  
Leigetakar er kjent med at arealet ligg på eit bossdeponi med gassbrønner og infrastruktur i samband med oppsamling av gass.  
Leigetakar må ta kostnaden med opparbeiding av tenleg overflate på leigearealet.  
Arealet skal framstå på ein ryddig måte.

### 3. Varigheit

Avtalen gjeld i 5 år frå 01.01.2017 til 31.12.2021 med opsjon på leige fram til 31.12.2025 på reforhandla vilkår.

### 4. Pris

Årsleiga er kr 27.000 pr da, og skal betalast forskotsvis med forfall 15. mai kvart år. Årsleiga skal justerast kvart år, første gong i 2018, i samsvar med endringa i SSB sin konsumprisindeks med basis i indeksen november 2016. Årsleiga vert fakturert frå utleigar.

### 5. Opphøyr

Ved opphøyr av avtalen skal leigetakar syte for at tilført vegggrus og duk/armeringsmatter vert fjerna, og at arealet framstår som fulldyrka areal att. Evt skadar på grøfter skal utbetrast.  
Oppryddingsarbeidet må vere ferdig utført innan utgangen av leigetida.  
Leigetakar skal seinast 1 år før opphøyr av avtalen melde ifrå om sine ønskjer for leigearealet.

### 6. Tvist

Eventuelle tvistar som gjeld denne avtalen skal avgjerast ved frivillig voldgift.


Denne avtalen er utforma i 2 (to) eksemplar eitt til kvar av partane.

Bergen, den / 2016

Hordaland fylkeskommune

Bergen, den 12/9 2016  
Anleggsgartner Svein Boasson AS  
www.sveinboasson.no

Anleggsgartner Svein Boasson AS



20110402



Koordinatsystem: ETRS89/UTM zone 33N

0 45 m

SOKASSON 40da

NDRSCRAP  
WEST  
120da

Østervandøren

Østervandøren